

Referat frå jurymøte nr. 5 – Junior NM sprint og Norges Cup langrenn - Voss

Stad: Kongehytta, Voss Ski og Tursenter

Dato og tid: 10.2.2023, kl. 13.40 – 13.47

Til stades: TD Arne Sandvold, ass. TD Morten Vannebo, NSF arrangementsansvarleg Erik Husby og rennleiar Arnstein Aas

Referent: Stig Gunnar Røthe

Vær: -4 grader, lett snødrev og flau vind.

SAK: Jurymøte nr 5:

TD ynskte velkomen til møte.

TD rapporterer om ein godt gjennomført sprint prolog for gutane.

Det var noko kluss i starten for nr. 548 – 552, men det er no gjennomgått, retta og kontrollert. Korrekte lister er publisert.

Grunna snøværet har mange gått i same spor i prologen.

Det vart gjort ei testprepping i utkanten av løypa, og snøen sette seg fint etter løypemaskina. Vurderinga til jury er difor at løypeprepping vil gjera tilhøva likast mogleg for alle løparane.

Energisvingen vert kosta og måka, og tilsvarande for startspor og oppløpet. Løypemaskinene køyrer resten av løypa. Løypa får sett seg ca .10 minutt etter at løypemaskinene har vore rundt løypa.

Det vert lagd ut mønepanner ved grillhytta for å markere løypa best mogleg. Elles vert mønepanner kosta ved behov.

Neste planlagde jurymøte: Fredag 10.2.2023, kl. 15.40